

Samandrag Lokasenna / Loketretta. Obs! Forkorta gjennom tolking! Fleire ord og strofer er uforståelege

Prosainnleiing: Havjotunen Æge [på Læsø i Kattegat] har drikkegilde for æsene – og alvane (?). Loke blir kasta ut fordi han drep ein av tenarane til Æge. Loke kjem att og prøver å koma seg inn att på festen, og møter ein annan Æge-tenar, som heiter *Elde* 'kokken':

Loke utanfor:

1-5. Ordveksling med Elde. Loke seier han skal gå inn og skifte samtaleemnet til gudane; skal fornærme og bakvaske.

Loke går inn, får plass:

6-10. Ingen vil gje Loke plass før han minner Odin om at dei er fosterbrør frå gamledagar; Odin hadde svore at han ikkje skulle smaka mjød utan at begge fekk.

Loke fornærmar alle, med skuldingar som kan innebera, om menn, at ein er *argr* 'feig, kjerringaktig, utan evne til å stikke (med våpen og i senga), «kåt i rumpa»', og om kvinner, at ein er *ørg* 'nymfoman (slik at ein går til sengs med kven som helst), dyrisk'. [Loke risikerer lite, for drikkegildet / hallen til Æge er ein fredhelga stad.]

- 11-15 Fornærmar **Brage:** Helsar alle, bortsett frå han. Brage prøver å kjøpe fred med han. Loke seier han er redd for å slåst. 16-18 Fornærmar **Idunn:** Ho har lege med drapsmannen til bror sin.
- 19-20 Fornærmar **Gjevjon:** Ho har prostituert seg for ei sølje. Påstanden er farleg, for Gjevjon kjenner [og kan påverke] lagnaden.
- 21-23 Fornærmar **Odin:** Han har favorisert dei som er *argir* i strid. Odin kontrar: OK, men Loke har gjort kvinnearbeid og mjølka kyr eller vore ku.
- 24-25 Fornærmar **Odin:** Han har drive med seid-trolldom [som var kvinne-domene].
- 25-28 Fornærmar **Frigg:** Ho har vore utru mot Odin, har lege med brørne hans.
- Fornærmar **Frigg:** Loke var den som fekk Balder drepen. Det er farleg å seia, for Frigg kjenner lagnaden.
- 29-31 Fornærmar **Frøya:** Ho har lege med alle gudane og alvane.
- 32 Fornærmar **Frøya:** Ho har lege med bror sin, og fjerta då æsene oppdaga dei i akta.
- 33 **Njord** fornærmar Loke: Han har fødd barn.
- 34 Fornærmar **Njord:** Han er brukt på pinlegaste vis av lågstatuskvinner.
- 35-36 Fornærmar **Njord:** Han har son [Frøy] med syster si.
- 37-40 Fornærmar **Ty:** Han dømer urettvist og er mann utan sverdhand. Ty kontrar: Men vi har bunde avkomet ditt, Fenrisulven, til Ragnarok. [Det var for å få til det Ty ofra handa si.]
- 40 Fornærmar **Ty:** Eg har fått barn med kona di, og du har ikkje fått skadebot.
- 41 **Frøy trugar Loke:** Teier han ikkje, blir han bunden, som Fenrisulven.
- 42 Fornærmar **Frøy:** Han er utan *sverð* [som tydde både 'sverd' og 'penis'], gav det i byte for jotunbrura si.
- 43-46 Fornærmar **Byggve** [tenaren til Frøy]: Er underlegen, feig, duglaus, som eit dyr.
- 47-48 Fornærmar **Heimdall:** Har lågstatusoppgåve, langt frå folk med ryggen til (? , som ein homofil?).
- 49 **Skade trugar Loke:** Vi skal binde deg på eit sverd, med tarmene til sonen din.
- 50 Fornærmar **Skade:** Det var eg som fekk drepe far din. [Ho er altså familieoverhovud, og dermed er det mannsfornærming Loke brukar mot henne.]
- 51 **Skade trugar Loke,** generelt: Ho kan vente seg vondt.
- 52 Fornærmar **Skade:** Ho har late seg forføre av Loke, som er drapsmannen til far hennar.

Avrunding, Tor kjem inn i handlinga, 53-65:

- **Siv,** kona til Tor, prøver å mekle, byd Loke mjød [vil truleg hindre at Tor drep på fredhelga grunn].
- Fornærmar **Siv:** Ho har late seg forføre av Loke.
- **Bøyla** [tenestejenta til Frøy] varslar at Tor kjem.
- Fornærmar **Bøyla:** Ho er som eit dyr, full av drit.
- Fornærmar **Tor:** Han kjem ikkje til å tørre å slåst med ulven i Ragnarok, kjem til å tapa.
- Fornærmar **Tor:** Viser til ein myte der Tor var redd.
- Fornærmar **Tor:** Viser til ein myte der Tor var veik og hjelpelaus.
- **Tor trugar Loke,** skal slå av han hovudet, kaste han til himmels, sende han til Hel; trugar tre gonger.
- **Loke gjev seg,** han veit at Tor meiner alvor, går.
- **Trugar Æge** til avskil, garden hans skal brenne.

Sluttprosa: Loke gøymer seg som laks i ein foss. Æsene fangar han, bind han med tarmene til sonen, Skade festar ein giftorm over han, så det dryp i ansiktet på han.

Eldar Heide 09.9.2011 / 10.1.2017

Bruk gjerne dette samandraget, men oppgje kjelde: <http://eldar-heide.net/>